



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Eva Bendiksen, 5557 2051

Vår dato
15.11.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/2266 634
Dykkar referanse

Nordhordland komoeyanseregion Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Tildelingsbrev - Desentralisert ordning for kompetanseutvikling 2018

Fylkesmannen i Hordaland overfører **kr. 1 000 000,-** til Nordhordland kompetanseregion v/Lindås kommune, organisasjonsnummer 935 084 733, kontonummer 3201.05.89311, for deltaking i den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling. Den samla tildelinga til Hordaland i 2018 er på kr. 19 millionar.

Grunnlaget og føringar for tildelinga

Fylkesforumet har lagt til grunn at tildelinga av midlane skal ta utgangspunkt i lærarårsverka i dei lokale kompetanseregionane/friskulane, men presiserer at den endelege tildelinga ikkje vil kunne baserast på lærarårsverk åleine.

Fylkesforum i Hordaland har bestemt at midlane i 2018 skal fordelast med 50 % til skuleeigar og 50 % til UH. For skuleeigarane er det i tillegg eit krav at dei bidreg med ein 30 % eigenandel av tildelte midlar. UH-sektoren sine kostnader knytt til kvar eining dei følgjer opp er om lag 200 000 kr. Dette er lagt til grunn, og med tilsvarende tildeling til skuleeigar. Kor mange utviklingsprosjekt som kan setjast i gang kvart år vil difor avhenge av den samla tildelinga til fylket.

Det kjem fram av St. meld. 21 2016-2017 at etterutdanningstiltaka skal møte lokale behov, og at skuleeigarane skal gjere *prioriteringar seg imellom i kompetansenettverka*. Det er rom for at nokre av prioriteringane er felles for kompetansenettverket, men også at ein prioriterer enkeltkommunar/skular.

Nordhordland kompetanseregion, som mottakar av midlane, pliktar å fordele dei mellom deltakarkommunane i tråd med den avgjerda fylkesforumet har tatt.

Den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling har som premiss at samarbeidet mellom lærarutdanningane og praksisfeltet skal styrkast. Skuleeigar sine prioriteringar skal byggje på tilstandsvurderingar og -analyser og konkrete skulebaserte utviklingsopplegg skal utformast i ein dialog mellom eigar og UH.

Det er ein føresetnad for tildelinga at skuleeigar set i verk tiltak knytt til sektormåla for skulen:

- Elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Elevane skal meistre grunnleggjande ferdigheiter og ha god fagleg kompetanse
- Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

Utgangspunktet for tildelinga

Midlane blir i 2018 tildelte på grunnlag av eit oversyn frå UH over kor mange einingar dei er engasjerte i. Summen til regionen er tilsvarande summen til UH på bakgrunn av følgjande oversyn:

Region	Kommune	Skule
Nordhordland	Masfjorden	Sandnes skule
	Austrheim	Kaland barne- og ungdomsskule
		Årås skule
	Osterøy	Valestrad skule
	Fedje	Fedje skule

Rapportering

Vi legg ved rapporteringsskjema for de tildelte midlane i 2018. Rapporteringsfrist er 15. juni 2019.

Det statlege tilskotet skal følgjast av kommunal medfinansiering på 30 prosent. I rapporteringa skal bruken av skuleeigar sin eigenandel gå fram.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Eva Bendiksen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Rapporteringsskjema